

<p>AUGUST</p> <p>Bli kjend/tilvenning</p> <p>10.: Planleggingsdag DUÅ 11.: Planleggingsdag 15.: Nytt barnehage år</p>	<p>SEPTEMBER</p> <p>Jakt</p> <p>11. Kommunestyre-og fylketingssval</p> <p>v.38: Brannvernveke Bli med dansen</p> <p>19.personalmøte v.36 Foreldremøte</p>	<p>OKTOBER</p> <p>Solidaritetsarbeid: «La barn leve i fred» (Redd Barna)</p> <p>Halloween</p> <p>v.41: Haustferie på skulen 25.personalmøte Foreldresamtalar</p>	<p>NOVEMBER</p> <p>Farsdag Juleførebuing</p> <p>30.personalmøte 3. planleggingsdag DUÅ Foreldresamtalar</p>
<p>JULI</p> <p>Sommarbarnehage -ferieavvikling -aktivitetar tilpassa gruppene</p>	<p style="text-align: center;">Brekke barnehage</p> <h1 style="text-align: center;">Årsplan 2023/2024</h1> <h2 style="text-align: center;">«Matglede»</h2> 		<p>DESEMBER</p> <p>Juleførebuing</p> <p>1. Julegrantenning 7.:Julebord for barna 13.:Vi går Luciatog på skulen v.51:Julegraut med skulen</p> <p>v.50: Julefest</p>
<p>JUNI</p> <p>Tur for Stjerneklubben</p> <p>14. juni: Sommarfest</p>			<p>JANUAR</p> <p>Vi les</p> <p>9.personalmøte 26. planleggingsdag DUÅ</p>
<p>MAI</p> <p>17.Mai Vi set poteter</p> <p>22.personalmøte v. 19: Foreldremøte 10. Planleggingsdag DUÅ</p>	<p>APRIL</p> <p>Kva skjer på garden om våren? Vi sår frø</p> <p>v.14: Påske 9.personalmøte Foreldresamtalar</p>	<p>MARS</p> <p>v.10-13: Påskeførebuing/ Påske</p> <p>7.personalmøte</p>	<p>FEBRUAR</p> <p>v.6:Samefolkets dag Morsdag 16. Karneval</p> <p>v.8:Vinterferie på skulen 7.personalmøte</p>

Brekke barnehage og skule sin visjon er:

Trivsel - helse - læring

Det betyr at dei vaksne må sjå heile barnet, både fagleg og sosialt. Barna skal oppleve ei tydeleg vaksenrolle og alle, både i barnehagen og på skulen skal fokusere på respekt for kvarandre. Grunnleggande behov som trivsel, tryggleik og helse må tilfredsstillast for at barna skal kunne utvikle seg og tileigne seg kunnskap.



Mål for barnehageverksemda:

Vi ynskjer å dekke barnet sitt behov for omsorg og gi gode utviklings- og aktivitetssjansar, slik at barna kan tileigne seg både fagleg og sosial kompetanse i løpet av barnehagetida si. Barna blir inkludert i ein trygg og god barnehagekvardag. Brekke barnehage arbeider i samsvar med barnehagelova.

Personale/kompetanse:

Personalgruppa vår er for tida samansett av fem pedagogar, fem fagarbeidarar og to assistentar. Rektor/leiar er styrar i barnehagen. Nestleiar har 30% administrasjonstid og har ansvar for barnehagesaker. Nestleiar går inn på avdeling som vikar når det trengst. I tillegg har vi kontorpersonale som tek seg av administrative oppgåver knytta både til barnehage og skule. Vi har eit tett samarbeid med skule, helsestasjon, PPT og barnevern.

Trygt og godt barnehagemiljø:

Personalet skal vere til stades der barna er, slik at dei kan følgje med på korleis barna har det. Dersom dei ser at barn ikkje har det bra skal dei gripe inn med ein gang. Er det mistanke om mobbing, utestenging eller krenking skal styrar varslast og tiltak skal setjast inn for å gjenopprette godt miljø. På personalmøter og planleggingsdagar har personalet sett seg inn i kva lova krev av oss og når vi skal gripe inn.

For å bygge opp eit godt psykososialt miljø, vil vi frå hausten 2023 jobbe med DUÅ, som er eit universalforebyggande tiltak for å fremme psykisk helse og bidra til god og respektfull gruppeleing. Programmet blir brukt i alle barnehagane i Gulen.

Brekke barnehage arbeider i tråd med RAMMEPLAN for barnehagen:

Rammeplanen er delt inn i sju fagområder som dekkar eit vidt læringsfelt. Fleire av fagområda vil vere representert samtidig i eit tema/prosjekt, i samband med kvardagsaktivitetane eller i andre tilrettelagde aktivitetar.

1. Kommunikasjon, språk og tekst:

Vi ynskjer å styrke språket til barna. Vi les for barna, fortel eventyr, leikar med språket, brukar rim, regler, song og set ord på det som barn og vaksne opplever i kvardagen. Vi brukar BRAVO og ASK (alternativ og supplerende kommunikasjon) i barnehagen.

2. Kropp, rørsle, mat og helse:

Vi vil at barna skal tileigne seg grunnleggande erfaringar ved at vi legg til rette for allsidig aktivitet både ute og inne.

I leik prøver dei ut og skaffar seg erfaring med ulike rørsler og utfordringar. Det er nære band mellom leik, kroppskontroll og god helse.

Gjennom måltida vil vi formidle eit positivt og godt forhold til mat og måltid. Vi lærer sjølvsgt barna å vaske hendene før måltid og etter toalettbesøk. Barn og vaksne skal innarbeide rutine om å vaske hendene når dei kjem i barnehagen om morgonen.

3. Kunst, kultur og kreativitet:

Gjennom dei estetiske faga ynskjer vi at barna skal oppleve skaparglede ved å prøve ut ulike uttrykksmåtar og ulikt matriell. Vi vil bearbeide og skape språk, bilde, song, musikk, dans og drama. Vi prøver å få med oss alle lokale kulturarrangement som er tilgjengelege. (f.eks Den Kulturelle skulesekken)

4. Natur, miljø og teknikk:

Vi ynskjer å gi barna grunnleggande erfaring og kunnskap om naturen. Vi følgjer årstidene og ser på planter, dyr, været og endringar i naturen. Vi har tur dagar der vi utforskar nærmiljøet. Her vil vi og legge vekt på korleis vi best kan ta vare på miljøet rundt oss. Vi vil og gjere oss kjend med diverse teknisk utstyr som vi har rundt oss. I barnehagen har vi kjeldesortering og målet er at barna skal bli kjende med dette.

5. Etikk, religion og filosofi:

Vi skal møte tru, spørsmål og undring med alvor og respekt, og reflektere saman med barna. Barnehagen markerer jul og påske i barnehagen med fokus på tradisjonane kring desse høgtidene. Barna skal få kjennskap til at det finst mange ulike religionar.

6. Nærmiljø og samfunn:

Barnehagen skal gi eit grunnleggande bilde av det samfunnet vi lever i med det det inneber av rettar og plikter. Vi filosoferer over likskap/ulikskap og menneskeverd. Vi vil gjere oss kjende i lokalsamfunnet og fokusere på at alle har sin funksjon i eit samfunn. Vi har val som tema valåra.

7. Tal, rom og form:

Barn er opptekne av tal, systematisering og former. Vi har tilgjengeleg spel og utstyr som stimulerer barna til å eksperimentere med tal, former og matematiske begrep. Vi legg også vekt på bruke matematiske begrep i kvardagen, og at barna får telje og bli kjende med tal og begrep i samlingar, ved borddekking, ute på tur osv.

Satsingsområde, Kommunikasjon, språk og tekst:

Ettersom kommunikasjon og språk er eit av dei viktigaste verktøya for samhandling med andre, har vi valgt å ha dette som eit satsingsområde i barnehagen. Vi har laga ein lese krok som kan brukast til lesing og leik med bokstavar. Vi brukar språk og tekst bevisst i alle situasjonar i barnehagen. Vi brukar Bravo (språkstimuleringsprogram) i periodar eller ved behov, i tillegg til ASK (alternativ og supplerende kommunikasjon) I 2020 hadde vi ekstern vurdering der temaet var språkleg vekst og utvikling.

Slik arbeider vi med tema:

Vi har valgt å jobbe med eit overordna tema som går gjennom heile året. Grunnen til dette er at vi ynskjer at barn og vaksne skal få tid og mogelegheit til å fordjupe seg i eit tema og gjerne finne fleire ulike måtar å gå inn i temaet.

Heile barnehagen har same tema, men ein tilpassar aktivitet og innhald til stor og liten avdeling. Som utgangspunkt for val av tema kjem ynskje frå barn, foreldre og tilsette.

Tema for året og framdrift vil ein finne i årshjulet fremst i planen.

Detaljerte planar og fortløpande evaluering finn ein i månadsplanane som blir delt ut i barnehagen og på Vigilo.

Danning gjennom omsorg, lek og læring

Barnehagen vil jobbe aktivt mot at barna skal utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar i samhandling med andre. Barna skal bli møtt med omsorg og nærleik. All aktivitet i barnehagen er basert på lek. Gjennom leiken tileignar barna seg kunnskap, ferdigheiter, verdier og haldningar. Lek er viktig for sosial, språkleg, intellektuell, motorisk og emosjonell utvikling. For at leiken skal få gode vilkår i barnehagen vil vi gi barna tid og rom til lek, gi nye impulsar til lek gjennom styrte aktivitetar og tema, observere og støtte barna i leiken der det trengst. Vi ynskjer at alle barna skal føle seg sett i gruppa. Det betyr at dei vaksne må vere tilstades der barna er, slik at vi kan følgje opp dei som treng å bli sett og dei som må øve seg på å sjå andre. Vi lærer best gjennom eigne erfaringar. Vi vil legge til rette for læring i barnehagen ved at barna får prøve seg fram og gjere eigne erfaringar.

Gjennom å diskutere læringsprosesser på personalmøter, har vi eit mål om at personalet skal bli gode på å sjå moglegheiter for læring i alle situasjonar i barnehagen.

Medverknad

Barnehagen vil legge til rette for at barna tilpassa alder og føresetnader, får ta del i planlegging og vurdering av verksemda i barnehagen. Dette gjer dei gjennom aktiv medverknad gjennom samtale, og gjennom observasjonar gjort av personalet. Foreldre har og mogelegheit til medverknad gjennom kontinuerlege samtalar og foreldremøte kvar haust og vår. Vi vil ha barnesamtalar med dei eldste barna (Stjerne-klubben) der vi snakkar om kva dei likar med barnehagen, kva dei ikkje likar og kva dei har lyst å gjere i barnehagen.

Planlegging og dokumentasjon

Barnehagen sine planar kjem fram ved hjelp av pedagogisk årskalender som ein finn i årsplanen og månadsplanar. Evaluering blir gjort fortløpande.

Vi jobbar og etter ein kompetanse og utviklingsplan som vi evaluerer og reviderer årleg.

Barnehagen sitt innhald blir dokumentert ved hjelp av ei loggbok, der ein kvar dag skriv ned kva aktivitetar som har vore gjennomført, endringar i planar og liknande.

Ellers nyttar vi ein del bilde dokumentasjon. Vi tek bilde av aktivitetar og situasjonar og heng det opp slik at det blir tilgjengeleg for barn og foreldre. Alt barna produserer og reproduserer (song, drama, rim, regler) er dokumentasjon på det vi jobbar med i barnehagen.

Vi har og ei bok der vi skriv ned erfaringar ved ulike arrangement i barnehagen.

To gonger i året har vi utviklingssamtalar der vi tek utgangspunkt i «Alle med»-skjema som blir oppdatert fortløpande.

Det er lagt til rette for to foreldremøter i året. Her kan foreldre komme med forslag til innhald i barnehagen og dei kan vere med å evaluere opplegg som har vore gjennomført.

Tilvenning i barnehagen

Barnehagen sender ut brev til alle nye barn, med informasjon om barnehagen og plan for tilvenninga. Denne planen justerer ein saman med foreldra. Vi kallar også inn til oppstartsamtale ein av dei første dagane.

Overgangen frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling

Samarbeidet mellom avdelingane er godt og vi har fellesaktivitetar utover heile året. Eit av måla med fellesaktivitetane er at barn og vaksne på tvers av avdelingane skal bli kjende med kvarandre og knyte kontaktar. Etter jul har dei eldste barna på Tommeliten klubb saman med dei yngste barna på SoriaMoria. Her får barna eit godt innblikk i livet på storbarnsavdelingen og dei kan knyte band til nye barn og vaksne. Barna får eit velkomstbrev før dei byrjar på stor avdeling.

Overgangen barnehage-skule-sfo

Stjerneklubben og ein pedagog frå barnehagen er med på utedagane til barnesteget. Målet er at barnehageborna skal bli kjende med korleis ein arbeider på skulen og knyte kontaktar med dei eldre borna. Alle førskuleborna får også tilbod om ein skuledag der dei er samla i lag med den læraren dei skal ha i 1.klasse. Denne dagen blir stort sett gjennomført i juni.

Pga. samlokalisering med skulen har vi høve til å gjere oss kjende med skulelokala, noko som og er med på å lette overgangen til skulen. Barnehagen har overgangssamtalar med skulen om foreldra gir løyve til det. Barnehagen har eit tett samarbeid med sfo, der barnehageborna er på besøk på sfo og omvendt. Dette samarbeidet går gjennom heile året.



LITT OM BREKKE BARNEHAGE

Opningstider: heilårsope, mand. - fred. 7.30 - 16.30.

Borna skal vere komne i bhg til kl 9.30.

Vert de seinare enn dette, eller de skal ha fri, må de gi beskjed i barnehagen, eller legge fri/melding inn i Vigilo

Borna må i løpet av bhg året ha **4 v ferie, 3 av dei samanhengande innafør skulen sin sommarferie**

Brekke barnehage nyttar **Vigilo** som kommunikasjonsløyising. Alle føresette må laste ned appen Vigilo foresatt (education) eller logge seg på foreldreportalen på vigilo.no med bank id for å få tilgang til meldingar/informasjon som blir sendt ut frå barnehagen. Du får tilgang frå første ordinære barnehagedag. Stort sett all informasjon og meldingar frå barnehagen går gjennom Vigilo, så det viktig at alle held seg oppdatert og legg inn fridagar og anna fråvær når det er aktuelt.

Barnehagen er delt inn i småbarnsavdeling (0-3år) **Tommeliten** og stor avdeling (3-6år), **Soria Moria**.

KLUBBANE VÅRE

I barnehagen har vi noko vi kallar **Stjerneklubb** (5 åringane), **Måneklubb** (4 åringane), **Solklubb** (3 åringane) og **Dråpeklubb**(2 åringane) **Regnbogeklubb** (1 åringane)

Her får borna aktivitetar/oppgåver tilpassa alder. Kvar gruppe har sin faste vaksne, og vi har klubb 1 -2 gonger i veka.

Soria Moria:	Tommeliten:
Stjerneklubb (fødd i 2018): <ul style="list-style-type: none">• Olivia Elena• Arija• Aronas• Elias	Dråpeklubb (fødd i 2021) <ul style="list-style-type: none">• Adrian• Melina• Tuva• Luka• Ella• Benjamin
Måneklubb (fødd i 2019) <ul style="list-style-type: none">• Georg• Abriele	Regnbogeklubb (fødd i 2022): <ul style="list-style-type: none">• Isak• Ingeborg (oppstart oktober 2023)• Lilija
Solklubb(fødd i 2020) <ul style="list-style-type: none">• Neo• Helle• Iver• Tobias• Thea• Håkon	

MÅLTID

Frukost i barnehagen er frå kl 7.30-9.00 og barna må ha med eigen mat. **Hovudmåltidet er ca kl 11.00/11.30** Vi dekkar bord og barna er med og smør mat sjølve eller vi serverer varm lunsj. **Ca kl 14.30 har me eit lite måltid**, der borna får tilbod om ei skive, knekkebrød eller frukt.

Bhg har mjølk til frukost og hovudmåltidet. Utanom det, drikk borna vatn.

FORELDREMØTER

Barnehagen kallar inn til to foreldremøter i løpet av barnehageåret. Eit på hausten og eit om våren.

Innkalling med sakliste skal komme i god tid, slik at de set av kvelden.

Foreldrerepresentantar for kommande år er:

Tommeliten: Anne Linn Bakke

Soria Moria: Malene Oppedal

Ta kontakt med foreldrerepresentantane dersom det er saker de vil diskutere/ta opp i foreldregruppa.

FORELDRESAMTALAR

Foreldresamtalar har vi fast to gonger året. Ein før jul og ein før sommaren. Vi snakkar om utvikling, observasjonar, trivsel og liknande. Vi har eit skjema med stikkord som vert utgangspunkt for samtalen. Dette får de i god tid før samtalen, slik at de kan forberede dykk og tenkje gjennom kva de evt vil ta opp. Tidspunkt for samtalen avtalar vi med dykk når det nærmar seg. Dersom de eller barnehagen ynskjer fleire samtalar utover dei to faste, avtalar vi dette.

PLANLEGGINGSDAGAR

Barnehagen har 5 planleggingsdagar fordelt utover året. Dette er dagar personalet nyttar til kurs, planlegging og kompetanseheving. Barnehagen er då stengt for borna. Oversikt over planleggingsdagane finn de på heimesida til Gulen kommune.

SOVE/KVILE RUTINAR

Når borna begynner i barnehagen, avtalar vi med foreldra korleis det enkelte barn skal ha det når det gjeld soving/kviling. Vi avtalar om barnet skal sove i seng eller vogn, inne eller ute. Vi avtalar og kor lenge bornet skal sove. Dette endrar vi i samarbeid med foreldra etterkvart som borna vert større og rutinane endrar seg.

Kvart barn har sin faste soveplass/vogn, med fast dyne/teppe. Det er ynskjeleg at foreldra tek med vogn som barnet kan sove i. Vi har sovevakt som sjekkar at barna søv og har det bra.

BLEIESKIFT

På stellerrommet har vi plass til bleieskift. Foreldre tek med bleier til bhg og vi merker pakken med navn. Kvart barn har sin plass til bleier, og bleieskift blir hygienisk utført to ganger om dagen eller ved behov.

Vi har enotyolsalve i barnehagen, men ta med salve dersom du ynskjer ein eigen til ditt barn.

SOLKREM

Barna må smørjast med solkrem før dei blir levert i barnehagen, dei dagane det trengst. Vi ettersmør utover dagen. Barnehagen har solkrem faktor 30, men dersom barnet ditt treng ein spesiell solkrem tek de med sjølve.

BURSDAGSFEIRING I BARNEHAGEN

Denne dagen prøver vi å gjere litt spesiell for barnet. Dei får bok med teikningar i eller bursdagskort, krune, flagg på plassen sin, sang o.l i samlingsstunda. Det er bursdagsbarnet som bestemmer kva vi skal ha til lunsj den dagen. Vi serverer ikkje godteri, kake eller brus, men denne dagen drikk vi saft til maten.

SJUKDOM

Barna skal vere friske når dei er i barnehagen. Dersom barna har feber eller dårleg allmenntilstand skal barna vere heime. Barna kan heller ikkje komme i barnehagen dersom dei ikkje kan vere ute.

Ved oppkast/diare gjeld 48-timars regelen.

Dersom vi oppdagar sjukdom hos barn i løpet av barnehagedagen, tek vi kontakt med føresette og barna må bli henta så snart som mogeleg.

DETTE MÅ BARNET DITT HA MED I BARNEHAGEN:

- ✓ Vogn (dersom barnet søv i barnehagen)
- ✓ Bleier(ikkje up&go)
- ✓ Drikkeflaske til vatn
- ✓ Utedress tilpassa årstida
- ✓ Regnklede og støvlar (skal alltid vere i barnehagen)
- ✓ Varme, vanntette sko når det er kaldt
- ✓ Flecegenser og flecebukse eller ullgenser og ullbukse til å ha under regnklede/dress (skal alltid vere i barnehagen)
- ✓ Buff eller hals
- ✓ Hue (skal alltid vere i barnehagen)
- ✓ 2 par vottar (den kalde årstida)
- ✓ Innesko(joggesko, sandalar e.l. som kun blir brukt inne)
- ✓ 2 par ullsokkar(på den kalde årstida)
- ✓ 2 strømpebukser/stilongs (gjerne ull)
- ✓ 2 truser
- ✓ 2 bodyar/underskjorter (gjerne ull)
- ✓ 1 innegenser
- ✓ 1 bukse
- ✓ Solkrem

- ✓ **Alle klede skal merkast**
- ✓ **Når de får våte klede heim, må desse erstattast med tørre klede neste dag**

Tilsette

Soria Moria:	Tommeliten:
Britt Sølvi (ped.leiar)	Milda (ped.leiar)
Kristin (bhg.lærar)	Oddlaug (bhg.lærar)
Line (fagarb.)	Anita (fagarb.)
Solfrid (ass.)	Nina (fagarb.)
	Wanja (fagarb.)
	Annja (ass.)
	Tonje (lærning)

Liv Berit er i tillegg til adm., vikar på avdelingane når det er behov. I møtetid tysdagar og i feriar blir avdelingane slått saman.

Ta kontakt med oss dersom de lurar på noko eller vil drøfte noko.

Wenche Dæ, einingsleiar..... 57 78 1700
Liv Berit Svartemyr, nestleiar.....57 78 1706 / 95 11 29 56
Barnehagen..... 57 78 1705
Heimeside: brekke.skule.no

